

---

Saknr: 2020/45358-1  
Saksbehandlar: Even Vaular

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		28.04.2020

## Lyssetting av fv. 570 Hostelandstunnelen - søknad om fråvik

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet godkjenner søknad om fråvik for belysning av fv. 570 Hostelandstunnelen, i tråd med tilrådinga frå Statens vegvesen v/regional fråviksgruppe, dagsett 21. oktober 2019. For godkjenninga gjeld dei føresetnadar som ligg til grunn for tilrådinga.

## Samandrag

I Masfjorden har både lokalbefolkning og kommunen lenge ønskt at det vert sett opp lys i Hostelandstunnelen på fv. 570 Fensfjordvegen. Tunnelen har trafikk av mjuke trafikantar, og ein fryktar påkøyrslar. Det er søkt om godkjenning av fråvik for eit forenkla lysanlegg. Statens vegvesen si regionale fråviksgruppe har kome med tilråding til vedtak, der dei legg til grunn at fullverdig løysing i tråd med krava i handbok N500 ikkje er eit realistisk alternativ på grunn av høg kostnad. Forenkla løysing vert difor vurdert opp mot dagens situasjon med mørk tunnel, og vert vurdert å gi ei stor forbetring av tilhøva i tunnelen. Fylkesdirektøren rår til at søknaden om fråvik vert godkjent, i tråd med tilrådinga. Kommunen vil sjølv stå for finansiering og gjennomføring av tiltaket.

Dina Lefdal  
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Tilråding frå regional fråviksgruppe, Statens vegvesen - Lyssetting av fv. 570 Hostelandstunnelen
- 2 Fråviksskjema lyssetting fv. 570 Hostelandtunnelen
- 3 Stadfesting frå Masfjorden kommune - oppføring av forenkla lysanlegg i fv. 570 Hostelandstunnelen

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I Masfjorden har både lokalbefolkning og kommunen lenge ønskt at det vert sett opp lys i Hostelandstunnelen på fv. 570 Fensfjordvegen. Tunnelen på 343 meter er einaste vegsamband frå vest inn mot bygda Hosteland, og har ferdsel av mjuke trafikantar. Det er ikkje sykkelforbod i tunnelen. Fartsgrensa er 60 km/t og gjennomsnittleg trafikkmengd er 800 køyretøypasseringar per døgn (ÅDT, 2019). Tunnelen er mørk og rett, med dagslys i endene, noko som kan gi motlys og utfordringar med å sjå eventuelle mjuke trafikantar i tunnelen. Tunnelen har tidlegare vore kvitkalka som eit kompensierende tiltak for manglande belysning.

I august 2019 vart det sendt inn søknad om godkjenning av fråvik frå handbok N500 Vegtunnelar kapittel 9.3.1, som gjeld generelle krav til belysning. Søknadsskjema ligg vedlagt saka. Det er søkt om godkjenning til å installera eit forenkla lysanlegg. Lysanlegget vil ikkje tilfredsstilla krava til lystettleik (luminans). Hostelandstunnelen har ei høgd på 4,2 meter og ein profil som gjer at lyssetting i tråd med handbok-krava ikkje vil la seg gjera utan større inngrep. Dette inneber utviding av tunnelprofilen/-løpet (strossing). Eit normert lysanlegg er i søknaden om fråvik vurdert å ha ein kostnad på om lag 20 gongar kostnaden for å få på plass eit anlegg tilpassa dagens tunnelprofil.

Då denne saka stammar frå 2019, vart den handsama av Statens vegvesen si regionale fråviksgruppe. Etter årsskiftet har Vestland fylkeskommune konstituert si eiga fråviksgruppe for handtering av slike saker. Statens vegvesen kjem med ei tilråding til vedtak, dagsett 21. oktober 2019. I tilrådinga vert det lagt til grunn at kostnaden med eit normert lysanlegg gjer at det ikkje er eit realistisk alternativ til eit forenkla lysanlegg. Det forenkla anlegget vert difor vurdert opp mot situasjonen utan belysning i tunnelen. Regional fråviksgruppe vurderer såleis det forenkla anlegget som ei god løysing, som vil gi ei stor forbetring av tilhøva i tunnelen. Sjølv om belysninga ikkje vert fullverdig etter vegnormalen, vil det neppe gi negative konsekvensar for til dømes trafikktryggleiken. Dette melder fråviksgruppa i tilrådinga si. Tilrådinga frå fråviksgruppa vert samanfatta slik:

*Sjølv om standarden på det omsøkte anlegget er vesentleg lågare enn kravet i vegnormalen, vil det vere ei stor forbetring. Fråviket vert tilrådd under føresetnad av at anlegget vert sikra mot skade ved påkøyring, eller at det vert plassert utanfor køyreboksen, ev. ved at frihøgde vert redusert.*

### Vedtakskompetanse

Det er søkt om fråvik frå handbok N500 Vegtunnelar. Fylkeskommunen sin mynde til å handsama fråvik frå vegnormalane er styrt av §3 pkt. 4 i forskrift for anlegg av offentleg veg (2007). Her heiter det at «Myndighet til å fravike vegnormalene innenfor forskriftenes rammer, legges til Statens vegvesen ved Vegdirektoratet for riksveg, fylkeskommunen for fylkesveg og kommunen for kommunal veg dersom ikke annet følger av annen forskrift etter vegloven»<sup>1</sup>.

Gjeldande reglement for folkevalde organ og delegering seier følgjande om forskrifta (s. 58):

*«Der forskrifta plasserer mynde eller oppgaver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen mynde til å opptre på vegner av fylkeskommunen, med unntak av:*

*§ 3. Vegnormaler pkt. 4.  
Hovudutval for samferdsel og mobilitet har mynde til å fravike vegnormalane når det gjeld «skal-krav» av prinsipiell betydning.»*

Det er søkt om godkjenning av fråvik etter N500 pkt. 9.3.1 for montering av forenkla lysanlegg. Det inneber fråvik frå generelle skal-krav for belysning i tunnel. Vedtak i saka kan ha betydning for vurderinga av tilsvarande saker i framtida. Det er fleire mørke tunnelar i fylket med profil og høgde

<sup>1</sup> Føresegnene i forskrift for anlegg av offentleg veg (2007) §3 pkt. 4 gjeld ikkje for bruer, kor Statens vegvesen er fråviksmynde også for fylkesveg. I tillegg er vegvesenet fråviksmynde for all offentleg veg for handbøkene N300 Trafikkskilt, N301 Arbeid på og ved veg, N302 Vegoppmerking og N303 Trafikksignalanlegg.

som gjer at dei ikkje kan få montert lysanlegg i tråd med vegnormalen utan at tunneløpa vert utvida. Det er såleis vurdert at saka gjeld «skal-krav» av *prinsipiell betyding*. Vedtak i saka vert då fatta av hovudutvalet.

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vedtak i saka har i seg sjølv ingen økonomiske verknader. Om søknad om fråvik vert tatt til følgje, opnar det for at ein kan installera eit forenkla lysanlegg til ein langt lågare kostnad enn ved eit lysanlegg i tråd med vegnormalen. Tiltaket er sterkt ønskt i Masfjorden, og kommunen ønskjer å vera byggherre og finansiera tiltaket. Stadfesting på dette er vedlagt saka.

Fylkeskommunen vil då ta ansvaret for drift og vedlikehald. Kostnaden til dette vil vera mindre enn på eit fullverdig lysanlegg. Årlege kostnader til drift og vedlikehald er estimert til om lag kr. 80.000, og inkluderer straum, utskifting av alle armaturar over 10 år og årleg kontroll av anlegget.

**Klima:** Vedtak i saka har liten eller ingen verknad på klimaet.

**Folkehelse:** Vedtak i saka har i seg sjølv inga betyding for folkehelsa. Realisering av lysanlegg i Hostelandstunnelen vil betra tryggleiken til dei mjuke trafikantane som ferdast der.

**Regional planstrategi:** Regional planstrategi er framleis under utarbeiding, og vert difor ikkje referert til her.

Handsaminga av søknaden som vart gjort av Statens vegvesen si regionale fråviksgruppe vert vurdert som tilfredsstillande saksgrunnlag for å fatta vedtak. Det er ikkje vurdert som naudsynt å handsama søknaden på nytt i fylkeskommunen si eiga fråviksgruppe, som vart konstituert tidlegare i år.

Vegnormalane er viktige for å sikra god kvalitet og trafikksikre veganlegg med god framkome. I vurderingane av eit fråvik vert det sett på ei rekke faktorar, mellom anna trafikkmengd, fartsnivå, utforming av anlegget, og konsekvensane for sikkerheit, økonomi, drift og vedlikehald og framkome. Andre relevante faktorar kan vera teknisk kvalitet, estetikk, miljøkvalitet, ytre miljø og HMS. Dette vil variera frå situasjon til situasjon, og vil vera med på å avgjera om tilsvarande fråvik kan verta gitt i andre, tilsynelatande like tilfelle.

I denne saka vert fråviket rekna som einaste realistiske alternativ for å få til belysning i Hostelandstunnelen. Det forenkla lysanlegget er vurdert å vera ei stor forbetring, samanlikna med dagens situasjon. Ein har frykta for påkøyrslar av mjuke trafikantar i tunnelen. Dei mjuke trafikantane vil med belysninga verta mykje synlegare. Tiltaket vil såleis openbert bidra positivt til kjensla av tryggleik for dei mjuke trafikantane, men også for dei køyrande, som får betre visuell kontroll over vegbana. Dette gir vidare positive verknader for framkoma.

Ein stor del av veganlegga og tunnelane våre er bygde etter andre standardar enn kva me har i dag. Drygt halvparten av dei 266 tunnelane på fylkesveg i Vestland fylke er frå 1975 eller eldre. Hostelandstunnelen er frå 1967. I ein del tilfelle vil det vera uforholdsmessig dyrt å oppgradera slike tunnelar i tråd med dagens krav. Aktuelle problemstillingar er til dømes tunnelar med dårleg stoppsikt, høgdeavgrensingar og lita breidde. Fleire tunnelar manglar lys, eller har dårleg og utdatert belysning. I slike tilfelle kan bruk av alternative og/eller forenkla løysingar vera grepet som gjer at kostnadane kjem på eit akseptabelt nivå, og at det vert mogleg å prioritera prosjektet opp mot andre behov på fylkesvegnettet. Fylkesdirektøren vil understreka at god trafikksikkerheit og framkome vil vera ein føresetnad for å godkjenna slike løysingar.

Behova på fylkesvegnettet er som kjent store for både vedlikehald, oppgraderingar og andre investeringar, og prioriteringane er tøffe. Når eit, etter handbokkrava, fullverdig lysanlegg vert vurdert som ikkje realistisk å få på plass, så ligg det i tilrådinga frå fråviksgruppa i vegvesenet ei forståing av dei reelle prioriteringane me er nøydde til å gjera på fylkesveg. Sjølv med eit forenkla anlegg til ein vesentleg lågare kostnad kan det vera vanskeleg nok å få plass i våre utbyggingsplanar. På tunnelsida handlar mykje framleis om å få oppgradert tunnelane våre i tråd med krava i tunnelsikkerheitsforskrifta (2007). Hostelandstunnelen er ikkje omfatta av forskrifta.

Tiltaket er sterkt ønskt lokalt, og kommunen har tatt eit prisverdig initiativ for å få realisert lyssetting av tunnelen. Dei ønskjer å stå som byggherre og finansiera eit lysanlegg i tråd med søknaden om fråvik. Kommunen har stadfesta at dei også tar ansvaret for eventuelle meirkostnader.

## Konklusjon

Etter fylkesdirektøren si vurdering har Statens vegvesen si regionale fråviksgruppe gjort ei god vurdering av søknaden om fråvik, som tar omsyn til prioriteringane me må gjera på fylkesvegnettet. Eit forenkla lysanlegg er eit tiltak alle vil vera tent med. Trafikksikkerheit og framkome vert gitt eit betydeleg løft. Utan ei alternativ løysing er det vanskeleg å sjå føre seg at det hadde vorte lys i Hostelandstunnelen i overskødeleg framtid. Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å godkjenna søknaden om fråvik.